

Naustmiljø på Lindenes gbnr. 64/9 Ullensvang kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur, idrett og inkludering har levert eit notat til Ullensvang Kommune med avklaring kring naustmiljøet på Lindenes. Dei skriv at den lokale verneverdi må vurderast. I det høve har John Ove Rørnes frå Ullensvang kommune bedt bygningsvernkonsulent som er tilsett ved Hardanger og Voss Museum kome med eit innspel på det bygningstekniske kring nausta og råd om korleis dokumentere naustmiljøet.

Bygningsvernkonsulent har ikkje vore på synfaring til staden, men har fått ein mengde foto frå Rørnes, som er tatt både frå sjøen og frå landsida. Brita Jordal ved Kraftmuseet har kome med mykje informasjon, og sendt link til alle dei historiske foto frå Tyssedal som visar naustmiljø. Samtale med Kristen Daniel Eitrheim, som er eigar av Lindenes, har og vore opplyssande. I tillegg er bygdebok for Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid utgjeve 1967, del 3 I og II gjennomgått.

Bakgrunn:

Lindenes høyrer til garden Eitrheim på andre sida av fjorden. Tidleg på 1900-talet kom industrien til Odda og Tyssedal. Gardane Tyssedal og Tyssedalstveit vart oppkjøpt av Tyssefaldene, og i 1908 vart kraftverket Tyssø1ferdig, og leverte strøm til Odda smelteverk. Etter kvart starta dei opp med industri også i Tyssedal, og i løpet av nokre få år auka folketalet, og alle spor etter gardsdrift med naust ved fjorden forsvann. Mellom eigar av Lindenes og Tyssefaldene vart det inngått ei avtale i 1911 om bruk av Lindenes i 99 år. Tilsette ved Nitriden fekk kring 1930 avtale med Tyssefaldene om sette opp naust ved sjøen på Lindenes. Dette dreidde seg mykje om trivsel, dei budde trøngt og der var mykje røyk frå industrien. Truleg har fiske på fjorden og vore ei viktig del av dette. Avtalen med Tyssefaldene om bruk av Lindenes gjekk ut i 2010, og ei ny avtale vart inngått mellom eigar og kommunen. Når det gjeld nausta så vart dei mindre nytta frå 1960-talet og framover når folk fekk bil og hytte. Det vart etter kvart også mindre fristande å fiske grunna forureining av fjorden.

Tilstand:

I dag er der kring 20 naust på Lindenes, men der har vore fleire. Nokon av dei er rast saman, og nokon få er delvis vedlikehalde. Overordna tilstandsgrad på dei nausta som kan reknast som ståande bygningar er TG3, som tydar at der er eit stort behov vedlikehald.

Variasjon:

Det er varierende bygningsmasse i dette naustmiljøet. Nokon av nausta er enkle skur, men eit par av dei må vere demontert og flytta frå ei anna stad. Det hadde vore interessant å vite om nokon av desse nausta tidlegare har stått i Tyssedal eller på ein anna stad i fjorden. Historiske foto visar til fleire naust på Naustbakken i Tyssedal, der Nitriden no ligg. Skriftlege kjelder i bygdebok fortel om ein strandsitter på garden Tyssedal alt frå 1710. Den siste strandsitter

bygde også båtar. Gardsfolket har sjølvsagt hatt naust, og garden Skjeggedal har hatt kyrkjebuer nede ved sjøen, der kyrkjeklede hang. Tyssedalstveit hadde også naust ved fjorden, og i tillegg festa Hotel Hardanger ei nausttomt frå 1898. Det som er interessant i høve naustmiljøet på Lindenes er om naust og buer på Naustbakken vart demontert og nytta opp att på Lindenes, eller om nokon av nausta opphavleg har stått på ein anna stad i Odda. På Lindenes var der ein husmannsplass under garden Eitrheim så langt tilbake som 1670 ifølge bygdebok, men truleg er spor etter naust til denne plassen vekke.

Veg vidare:

Dei fleste nausta på Lindenes kan verte vanskeleg å behalde grunna manglande vedlikehald over fleire år, men kommunen bør undersøke om nokon i Tyssedal framleis nyttar naust og båt, og har ynskje om fortsatt å leige plass. Der bør også utføres eit grundigare arbeid i høve industrihistoria om avtalen mellom arbeidarar og Tyssefaldene, og om behovet for tilkomst til fjorden med båt. Det bør også undersøkast om det er mogleg å finne ut meir om bygningsmiljøet på Naustbakken og om naust i området. Hus, naust og bu på Naustbakken og naust andre stadar i Odda vart sjølvsagt flytt til ein anna stad, eller demontert å nytta opp att i nye hus, etter kvart som industribygg vart reist. Eit vidare arbeid med denne industrihistoria er noko som naturleg fell inn under Kraftmuseet i Tyssedal.

Med helsing

Guro Kvalnes
Leiar

Anne Lise Brask Eriksen
Bygningsvernkonsulent

Vedlegg: foto



Historisk foto av K. Knudsen viser naust, bu og strandsitterstove på naustbakken i Tyssedal.

Foto under er tatt av John Ove Rørnes, og viser naustmiljøet på Lindenes i dag.



Heile naust-rekka frå nord til sør.



Naust i rekke mot sør



Naust lengst mot nord



Naustmiljø i viken



Rester av naust